



# Hardangerrådet iks



Hardcruise AS  
v/ Hans Parnefält  
[hans@hardcruise.no](mailto:hans@hardcruise.no)

## **Støtteuttale til prosjektet “Slow cruise på Hardangerfjorden”**

Hardangerrådet, regionrådet for Eidfjord kommune, Kvam herad, Ullensvang kommune, Ulvik herad og Voss herad ser positivt på Hardcruise sitt pågående prosjekt “Slow Cruise” og ser på dette som eit framtidsretta, berekraftig prosjekt for vår region.

Forretningsideen med heilelektriske cruiseskip med max 200 passasjerar i eit 7-dagars cruise på Hardangerfjorden vil kunne gje store ringverknader for Hardangerkommunane. Skip av denne storleiken vil kunne tilføra anløpstaden ny aktivitet og verdiskapning i eit volum som vil vera berekraftig for kommunane.

Hardangerrådet ser det som avgjerande at planleggjing og førebuing skjer i tett samarbeid mellom Hardcruise og kommunane. Det kommunale plangrunnlaget og det pågående arbeidet med reiselivsstrategi, både kommunal og regional må hensyntakast i planfasen for “Slow Cruise”-prosjektet. Fokus på berekraft og lokal verdiskaping står sentralt for Hardangerrådet og kommunane. Gode utgreiingar/analyser må verta del av beslutningsgrunnlaget for prosjektet. Sentralt her er fokus på og analyser av fordeler og ulemper som denne aktiviteten vil ha for lokalbefolkinga i Hardangerregionen.

Slik vi ser dette konseptet legg det tilrette for at lokale leverandørar av aktivitetar, matprodukt, servering, landtransport m.m. kan utviklast og styrkast med grunnlag i dette prosjektet.

Mogeleg økonomisk støtte frå kommunane til førebuingfase 2 i prosjektet må avklarast gjennom søknad til kvar enkelt kommune. Hardangerrådet har ikkje midlar til å kunne gje økonomisk støtte til prosjektet.

Kinsarvik 30.11.2020

Med fruktbar helsing  
frå Hardangerrådet

Torgeir Næss  
rådsordførar  
Hardangerrådet iks signerar digitalt

Jostein Eitrheim  
dagleg leiar